

# Min dagdraum

Lat meg enno ein gong vera barn utan sut,  
og leika i mi eiga vær.  
Gjev eg atter fekk tru på ein morgon så lys  
og eiga eit hjarta av gull.  
Lat meg enno ein gong stå ved stranda og sjå  
i mot havet som lokkar og dreg.  
Og få setja ut båten og ro første tak  
på mi ferd mot det ukjente land.

Lat meg enno ein gong vera ung som ein vår,  
og tru at gode er til.  
For då er ikkje kjærleiken berre eit ord,  
og truskapen berre ein vind.  
Ja attende eg vil til mitt eventyrland  
der eg sola kan sjå går i hav.  
Eg vil segla mi skute med vilje og mot  
til eg landet i sikte kan få.

Og når dagen er omme og kvelden er nær  
då går mine tanker til deg.  
Gjennom draumar eg draumde og vindar som blæs,  
det taler ei vise til meg.  
Då eg utpå havet skal finna mi lei  
der ein stad mellom stormar og natt.  
Då eg minnes dei orda som ville meg vel  
dei er ballast og kursen for meg.